

## Bekymringar for bygda Vikanes

### Bakgrunn for saka

Gardsnr. 219/2 fekk ny eigar i 2019. Søren Hellingsøe er kjøpar til gards.nr. 219/1, men ser ikkje ut til å få konsesjon og kan henda kjøpet dermed ikkje går i orden. Eigar av gardsnr. 219/2 informerte oss om på møte i jordskifteretten 11.10.2022 at han overtar innmark og utmark frå gardsnr. 219/1 frå 01.03.2023.

### Oversikt over grunneigarar med meir. November 2022

Gardsnr. bruksnr	Grunn-eigar	Areal inn- og utmark	Skyld	Farge kart
219/1	Steffan Vike Ny eigar Søren Hellingsøe	3 369 471,2 m <sup>2</sup>	2,96	Gul
219/2	Torgeir Andvik Tina Kvamm	2 989 389,1 m <sup>2</sup>	2,89	Raud
219/7	Malvin og Borghild Toft	330 399,9 m <sup>2</sup>	0,40	Orange
219/8	Ingvild Vikesund og Jonny Heggertveit	122 890,1 m <sup>2</sup>	0,27	Blå
219/10	Per Bakke Ingebjørg Lægereid	52 098 m <sup>2</sup>	0,30	Brun
219/11	Olav Urdal	24 690,7 m	0,15	Djup raud
219/17	Rolf Mårstig	26 791 m <sup>2</sup>	0.08	Lilla
219 Felles for br.nr. 1,2,7, 8,10,11,17	Alle eigarar av gardsnr. 219/1,2,7,8,10,11,17			Grønt
219 Felles strandlinje br.nr. 1, 2.	Steffan Vike eller Søren Hellingsøe Torgeir Andvik og Tina Kvamme			Grønt

Me synst det er svært positivt med nye folk som vil driva landbruk og nye folk som vil driva campingplass på Vike og skapa nye arbeidsplassar i bygda.

Eigarane av gardsnr. 219/7, 8, 10, 11, 17 har i ettertid fått kjennskap til vedtak og sakspapir i utval for areal, plan og miljø i frå 2019 og framover og anke til statsforvaltar.

Me ønskjer at våre stemmer også skal bli høyrte og at det me opplever som feil og manglar i sakspapir/vedlegg blir teke med i kommunen sine vurderingar.

- Busetnaden i bygda vår vil ikkje bli styrka, men svekka ved ein stor eigar av inn- og utmark, der ein del av utmarka er strandlinje.
- Det kan blir redusert aktivitet i bygda og færre arbeidsplassar når kjøpar av gardsnr. 219/1 ikkje får konsesjon og kan trekkjer seg.
- Eigar av gardsnr. 219/2 vil ikkje få meir areal til beitedyr om han får kjøpa gardsnr. 219/1 si utmark, då han allereide har beiterett i heile området.
- Skogarealet langs skogsvegen i Vikamarka er ikkje særleg drivverdig . Skogsvegen vart bygd med tilskot av offentlege midlar på 70-80-talet og ubetydeleg mengde skog har blitt tatt ut. Skogsvegen held heller ikkje dagens standard for skogsdrift.
- Planane til eigar av gardsnr. 219/2 om å dyrka opp myr i Vikamarka kjem fort i konflikt med å ta vare på myrområde og hindre CO<sup>2</sup>utslepp.
- Vikamarka er eit viktig område for rekreasjon og turar både sommar og vinter. Friluftsiinteresser kan fort koma i konflikt med grunneigar av gardsnr. 219/2 sine planar.
- Eigar av gardsnr. 219/2 hevdar at det berre er han som har ein gard i drift. Det er ikkje rett. Gardsnr. 219/7 har beitedyr kvar vår, sommar og haust, noko som blir meld inn til landbruksmyndigheitene.
- Generasjonsskifte er aktuelt for fleire av eigedommane med det første, og dermed er vidare drift av gardane aktuelt for fleire enn gardnr. 219/2.
- Det er uheldig med **ein** stor og dominerande grunneigar i bygda
- Det er uheldig at ein grunneigar skal eiga nesten all strandlinja.
- Det går ut over trivselen i bygda om berre ein eigar skal kunne gå på hjortejakt i Vikamarka. Eigar av gardsnr. 219/2 hevdar at det er berre han som skal kunne gå på jakt, på tross av at det heilt sidan 1930-talet har vore felles hjortejakt i Vikamarka av alle grunneigarane som er nemt her, noko som blir bekrefta i Jordskiftedom frå 1974. (Jordskiftesak)
- Dei andre grunneigarane er også bekymra for felles beiterett dei har i Vikamarka, same område som jaktretten. (Jordskiftesak)
- Det er uheldig om ein eigar åleine skal eiga det som sidan jordskiftedom i 1974 har vore felles fjellutmark. (Jordskiftesak)

Dei tre siste punkta er oppe i jordskifteretten etter krav frå eigar av gardsnr. 219/2.

Torgeir Andvik har frå første stund i bygda (slutten av 2019) lagt opp til eit høgt konfliktnivå. Han har fleire gonger sett opp vegsperringar på kommunevegen forbi garden sin og nekta dei andre grunneigarane å gå på hjortejakt.

Me er redde for at Torgeir Andvik i framtida vil koma til å trakkasera dei andre grunneigarane.

Vikanes 14.11.22